



FOLGEFONNA

FRÅ FJORD TIL FONN





NASJONALPARK I EIT NASJONALT LANDSKAP

Den første kjende omtalen av Folgefonna finn vi i Peder Claussøn Friis si bok «*Norriges oc Omliggende Øers sandfærdige Bescriffuelse*» frå 1613. Friis fann Folgefonnhalvøya storslagen og dramatisk. Landskapet i denne delen av Hardanger er så vakkert at det kan måle seg med det ypperste i Europa.

Folgefonna er landets tredje største isbre. Iskappa er 168 km² i utstrekning. På det meste er isen truleg 300-400 m tjukk. Reknar vi 150 m i gjennomsnitt, inneheld Folgefonna om lag 30 km³ is. Toppen av Folgefonna (1662 m.o.h.) vert rekna som ein av dei aller våtaste stadene i landet med ein berekna årsnedbør på rundt 5500 mm.

Naturmiljøet kring Folgefonna er prega av nærleiken til ei stor iskappe. Vassdraga er talrike og ville, og mange innsjøar og elvar har farge som vitnar om sterk påverknad av brevatn. I nasjonalparken finn vi òg det nest største attverande inngrepsfrie området i Hordaland.



Bondhusbreen (ML)



Bresprekk (AF)



NATUROPPLEVING

Frå fjord til fonn

Folgefonna er kjent for dramatisk og vakker natur. Med fjordar, fjell, elvar, vatn og brefall er Folgefonnhalvøya mellom dei aller viktigaste reisemåla i Noreg. Variasjonen er stor med alsidige naturopplevingar.

I nasjonalparken finst gamle ferdsleruter og stølsvegar brukte gjennom lange tider. Dei fleste av desse rutene vert nytta også i dag. Fotturistar brukar området både til dagsturar og lengre turar. Det finst 4 sjølvbetente turisthytter i nasjonalparken som står opne heile året – Fonnabu, Breidablikk, Holmaskjer og Saubrehytta.

Med Nordfonna som utgangspunkt er Folgefonna lett tilgjengeleg. Her kan du ta med deg skia ein vakker sommardag. Buerbreen og Bondhusbreen er ikkje like lett tilgjengelege, men desse vakre og vidgjetne brearmene kan du sjå og oppleve på nært hald. Du kan kontakte ein lokal breførar og få ei krevjande, men særns minnerik

oppleving i oppleving i eit svært utfordrande terreng. Turlaga har kvart år brekurs for dei som vil lære meir om ferdsel på bre. Turlaga og ulike firma har organisert turar ein kan melde seg på.

Folgefonna er særleg kjent for fantastiske vårskiturar. Men det er mogleg å gå på ski her nesten heile året. Du kan gå Folgefonna både på langs og på tvers. Særleg kjend er den opplevelserike turistvegen frå Sundal til Odda, med dagleg breføring deler av sommaren. Du kan gå over breen til Holmaskjer og ned Tokheimslia.

Elvane i nasjonalparken er mange, men oftest bratte og strie. Nokre av dei er like fullt gode fiskeelvar, også for laks og sjøaure. Æneselva buktar seg i vakre svingar, og er veileigna m.a. til kanopadling. Dei innte delane av Ænesdalen er så å seie urørte med sterkt villmarkspreg.



Blåis og mønster overfor Furebergdalen (JR)



Breklatrar på Buerbreen (ST)



LANDSKAP OG GEOLOGI

Mangfold av bergartar

I nasjonalparken er det særst interessante område for studie av berggrunnsgeologi og kvartærgeologi (lausmassar). Vi finn eit mangfold av bergartar med struktur som fortel om ulike geologiske hendingar. Bergartane og strukturane representerer eit enormt spekter i tid, heile 1,5 milliarder år attende.

Undersøkingar av lausmassar som skriv seg frå siste istid eller seinare, fortel korleis breen har forma landskapet. Mange av landformene i området vart forma av isbreane under den siste istida. Så godt som alt landareal andre stader i Noreg var dekkja av is for 10 000 - 12 000 år sidan. Dei høgste toppane i Rosendalsfjella synest å ha vore eit unntak. Dei avskorne toppane vi ser her i dag er truleg landformer som vart danna vesentleg tidlegare, og som ikkje vart nemneverdig endra gjennom siste istid.


Isbreane dominerte landskapet kring Folgefonna under den siste istida. Likevel er det truleg feil at breane vi har i Noreg i dag er restar etter denne kalde perioden. Mykje tyder på at Folgefonna var heilt vekksmelta i steinalderen, frå 8000 til for om lag 5200 år sidan, og at den har vakse fram sidan som ein følgje av klimaendringar.

Folgefonna nasjonalparksenter ligg sentralt i Rosendal og gir eit innsyn i dei talrike geologiske prosessane som har gått føre seg i området. I Rosendal er det også bygd ein steinpark der du får demonstrert ei rekke bergartar, slipt til slik at dei fantastiske strukturane i steinen vert framheva.



TEIKNFORKLARING

- Nasjonalpark
- Landskapsvernordning
- Naturrestervat
- [Symbol] Overnatting
- [Symbol] Nasjonalparksenter
- [Symbol] Campingplass
- [Symbol] Sjølvbetent turisthytte
- [Symbol] Ubetent turisthytte





PLANTELIV

Store kontrastar

Storparten av fjellområda har ein relativt artsfattig flora, fordi sure bergartar dominerer og vekstsesongen er kort. Nøysame artar som rabbesiv, musøyre og stivstorr er utbreidde på den skrinne jorda. Moselyng, jøkelstorr og snøull er spesialistar på å takle dei ekstreme snøforholda. Dei kan vekse heilt inn til brekanten.

På steile berg i overkant av rasmarkene finst dekorative planter som gulsildre, raudsildre, fjellsmelle og svarttopp. Reinrose veks enkelte stader, m.a. ved Skjeggesnuten og Sauanuten. Dei to fjella har kalkhaldig berggrunn og er botaniske oasar med ein rik fjellflora.

Søterot stiller ikkje store krav til jordsmonnet, og den er stadvis vanleg i fjellskogen og i lågare del av snaufjellet. Fjellvandrarar legg merke til den store og staselege søterota. Også bergfrue er litt av eit syn når ho veks i hundretal med store kvite blomelassar. Ingen andre planter er så godt tilpassa dei steile fjellveggene omkring Folgefonna.

På vestsida av Folgefonna og nedover i dalføra er nedbøren høg, og det gjør at du finn mange planter som trives best i fuktig klima. Sjølv den ekstremt vestlege hinnebregna veks så langt aust som til Furebergfossen på grunn av det konstant våte lokalklimaet i drevet frå fossen. Kystplanter som revebjelle, rome, klokkeling, bjønnekam, smørtelg og storfrytle set eit preg på vegetasjonen frå fjorden og opp mot skoggrensa.



På tur i nasjonalparken (AF)



Bergfrue (BM)



DYRELIV

Dyreliv i karrige fjell og i skogen

Høgt til fjells er det for karrig til at mange dyr kan trivast. Men nettopp her finn vi ein god bestand av den nøysame fjellrypa. Tilgang til ryper som byttedyr er ei viktig årsak til at kongeørna hekkar i fleire av dalføra inn mot fonna. I gode smågnagarår er fjellvåken ein vanleg rovfugl. Heipiplerka er den mest talrike fuglearten i områda ovanfor skoggrensa.

I skogane på Folgefonnhalvøya er hjorten talrik. Kvinnherad er i dag den kommunen i landet som har størst hausting av hjort. Orrfugl er vanleg i områda rundt skoggrensa, og litt lengre nede, i furuskogen kan du kome over storfuglen – tiur og røy. Naturskogane på Vestlandet er i dag blant dei siste attverande leveområda i Vest-Europa for kvitryggspetten. Mange stader på Folgefonnhalvøya har snøskred ført til mange døde tre. Slike område er ofte særleg gunstige for hakkespettar.



Kongeørn (BB)



Fjellryper i flukt (SR)



HISTORIE OG KULTURMINNER

Viktig reisemål for turistar

Naturgrunnlaget har vore utgangspunktet for fast busetjing i dalføra kring Folgefonna frå førhistorisk tid. Dei fleste kulturminna som ein ser i dag er av vesentleg nyare dato, ofte knytta til epoken med stølsdrift opp mot fjellet. Stølsdrifta var avgjerande for å kunne livberge seg av jordbruk. I dag er denne tradisjonen stort sett borte.

Organisert turisttrafikk tok til allereie i 1833 frå Sundal til Tokheim i Odda. Turistane gjekk til fots og vart i ein periode frakta med hest og slede over breen. For hundre år sidan var det livleg trafikk av cruisebåtar i fjordane. Brearmane i Bondhus og Buer og dei mange imponerande fossane var viktige reisemål for turistane, og Odda var den gongen den viktigaste hamna for cruisebåtar i landet.



Baroniet i Rosendal ligg like utanfor nasjonalparken. Slottet er frå 1600-talet og har vore freda sidan 1920-åra. Dette er det einaste baroniet Noreg har hatt, og bygningane med den vakre, kringliggjande rosehagen er i dag eit unikt kulturminne, og mellom Noregs aller største turistattraksjonar.



Breklatring (AF)

I ein nasjonalpark er du naturens gjest

- Gå der du vil, på beina eller på ski. Alt som har motor er i utgangspunktet forbode.
- Rast der du vil, nytt gjerne telt for overnatting. Rydd opp etter deg, og ta med bosset heim.
- Du kan gjerne tenne opp bål, men hugs det generelle forbudet mot bålbrekking i skogsmark mellom 15. april og 15. september. Vis omsyn når du sankar ved.
- Du kan plukke bær, sopp og vanlege plantar til eige bruk. Vis omsyn til kulturminne, vegetasjon og dyreliv. Ta ekstra omsyn i hekke- og yngletida.
- Jakt og fiske er tillate som elles. Hugs jakt-/fiskekort. Ikkje bruk levande fisk som agn. Du må heller ikkje ta med deg levande fisk frå eitt vassdrag til eit anna.
- Du kan ta med deg hund, men hugs utvida bandtvang i perioden 1. april til 20. august. Nokre kommunar har eigne reglar om dette.



Kort om Folgefonna nasjonalpark

Kvar:

Kvinnherad, Etne, Odda og Jondal kommunar og Ullensvang herad i Hordaland fylke.

Tips:

Her finst mange merkte turstiar og 4 sjølvbetente turisthytter. Brevandring med kvalifisert breførar kan tingast. Vårskiturar på Fonna er populært.

Slik kjem du til Folgefonna nasjonalpark:

Du kan kome til Folgefonnhalvøya med bil, buss eller hurtigbåt. Skal du opp i nasjonalparken og dalføra som ligg rundt denne, kan du mellom anna ta utgangspunkt i Jondal, Sundal, Rosendal, Blådalen i Matre, Sördalen i Etne, Odda og Ullensvang. Ein må ha båtskysse over Åkrafjorden for å kome inn til Mosnes og Sandvikedalen i Etne.

Informasjon om overnattings- og servicetilbod:

Jondal turistkontor, Jondal, tlf. 53 66 85 31, www.visitjondal.no

Kvinnherad turistinformasjon, Rosendal, tlf. 53 48 42 80, www.kvinnherad.kommune.no

Turistinformasjonen i Ullensvang, Kinsarvik, tlf. 53 66 31 12, www.visitullensvang.no

Turistinformasjon i Odda, Tenestetorget, tlf. 53 65 40 05, <http://www.oddakommune.no>

Turistinformasjon i Etne, tlf. 53 75 80 00, www.etne.kommune.no

Kart:

Norge 1:50.000: Jondal – 1315 IV, Odda – 1315 III, Varaldsøyna – 1215 II, Kvinnherad – 1214 I og Fjæra – 1314 IV
Turkart (1: 100.000): Folgefonna – Hardangerfjorden
Oppretta: Mai 2005

Areal:

545 km²

Tilliggjande verneområde:

Bondhusdalen landskapsvernområde

Ænesdalen landskapsvernområde

Hattebergsdalen landskapsvernområde

Buer landskapsvernområde

Nasjonalparksenter:

Folgefonna nasjonalparksenter, Rosendal, tlf. 53 48 42 80

Nasjonalparklandsby:

Jondal www.folgefonnlandsbyen.no, www.jondal.kommune.no

Forvaltning og oppsyn:

Statens naturoppsyn Rosendal, tlf. 97 02 30 13

Folgefonna nasjonalparkstyre, e-post: frnhopostmottak@fylkesmannen.no, tlf. 55 57 23 40, www.nasjonalparkstyre.no

Meir informasjon:

www.norgesnasjonalparker.no

ISBN (Trykt) 978-82-7072-855-8 ISBN (PDF) 978-82-7072-857-2

Layout: Guri Jermstad AS. Foto: © Stig Tronvold / NN / Samfoto (ST), © Jan Rabben / NN / Samfoto (JR), Anniken Friis (AF), Bjørn Moe (BM), © Sigve Reiso/Naturarkivet.no (SR), Marie Lier (ML)

Forside: Blåkløkker og rosenrot ved Buerbreen.(ST)



Trykk: GRØSET™



Nasjonalparker i Noreg – vår felles naturarv

Vi opprettar nasjonalparker for å ta vare på store naturområde – frå hav til fjell. For naturen sin eigen del, for oss og for komande generasjonar.

Nasjonalparkane rommar storslått natur med variert dyre - og planteliv, fossar og brear, høge fjell, endelause vidder, djupe skogar, vakre fjordar og kystområde. I tillegg finn du kulturminne som viser korleis områda vart brukte før.

I nasjonalparkane er moglegheitene for gode og spennande naturopplevingar mangfaldige. Bruk den flotte naturen vår – på naturen sine føresetnader.

Velkommen til Norge sine nasjonalparker!

